

Referat FAU-møte 18.mai.2016

Tilstade: Bodil Kaland 2.kl, Elin Gaulen 1.kl, Ann Christin Kaland 7.kl, Charlotte Grimstad 5.kl, Erlend Vakt skjold 3.kl og Kristine Lunde 4.kl. (Trygve Kvalvåg 6.kl kunne ikkje møta)

Godkjenning av sist referat. Referatet har ikkje komet ut til alle. Kristine sender referat frå sist og denne gang etter dette møtet.

08/16 Kristine og Erlend orienterte frå SU og SMU-møte 12.mai.

- Rektor informerte om neste skuleår, info som kjem til alle på foreldremøta i juni.
- Skulen ønskjer at FAU bidrar med foreldrestyrte dag neste skuleår, slik at lærarane kan reise til andre Montessoriskular for inspirasjon eller kurse seg.
- Forslag til foreldrestyrt dag neste skuleår: skidag, joggedag, skøytedag, turdag, karneval, studentar som kan overta skulen for ein dag eller to.
- Bestilling av t-skjorter. Grå med skule-logo bak, og vennskapslogo med slagordet «Ver ein venn. Få ein venn» framme. Vi bestiller inn 100 t-skjorter som deles ut til elevar og lærere når vi vedtek «Handlingsplan mot mobbing» på sommerfesten til skulen 14.juni.

09/16 Sommerfest. Tysdag 14.juni kl 17. for foreldre, lærere og elevar.

- FAU står for kiosk i kantina. Sal av hot-dag 20kr, kaker 10kr og bollar 10kr, saft 10kr m/påfyll og kaffi 20kr. FAU møter kl. 16. Vara i FAU rydder opp. Ann Christin handlar inn og ordner vekslepengar. Kristine lagar invitasjon og ordner plakatar med prisar.
- Klassekontakten seier at kvar klasse baker 2 kaker/bollar kvar og tar med 2 kanner kaffi.
- Skulen har litt underholdning.
- Fotballturnering – elevrådet arrangerer. Forslag om: to vaksenlag, foreldre/lærara og to elevlag? Ein finale. Maks 10 minutt pr. kamp.
- Er det mulig å gå rundt på skulen og sjå på denne festen?
- Festen foregår ute. Kafè i kantina. Backup er underholdning og underskrift/utdeling av t-skjorter inne i gymsalen.
- Vara i FAU er med å arrangerer festen og rydder opp etterpå.
- FAU – møte etter sommar-avslutninga. Konstituering av nytt FAU.

10/16 - It`s Learning

På It`s Learning treng nokre foreldre fortsatt litt tid for å få det til å fungera.

11/16 Anna:

- a) **Sosiale media og bilder på internett.** FAU stiller spørsmål ved måten og mengde skule og dei ansatte deler bilder av elevane på internett. FAU ønskjer bilder som er mindre gjenkjennelige, td. der ein ikkje kan sjå fjeset på elevane direkte. Vi er positive til at sosiale media blir brukt til god reklame for skulen, men at de må sikra dykk at de er i samsvar med personvernlova og samtykkeerklæring. Vi ønskjer også at det kun blir brukt Skodvin Montessoriskule si Facebook-side, og ikkje private.
- b) **Bursdagsfeiring** – FAU oppfordrar foreldra til å tenka seg om før ifht kven dei inviterer til bursdag. Ver inkluderande og ikkje la ein elev frå eit trinn stå igjen utan invitasjon. Flott om dette blir sagt på foreldremøta også.
- c) **Andre saker til foreldremøta:**
 - a. Val av nye FAU-representantar til 1.kl og evt. 7.kl. Bodil Kaland og Kristine Lunde tek gjerne attval for nesteårs 3. og 5.kl. Resten av FAU sitt for eit år til.
 - b. Minna om «Dugnad for vennskap» og at kvart trinn lagar til noko sosialt for sitt trinn.
 - c. FAU vil ha mange foreldre med på klippe/laminere-dugnader til hausten. Sosialt.

12/16 Oppfølging av andre saker frå tidlegare møte

- a. **Vennebenk** – Ingenting nytt.
- b. **Parkering** – Ingenting nytt.
- c. **Leikehytte** – Harry Lunde (bestefar) er godt i gang med leikehytte i lag med 4.-5.klasse.
- d. **Skyss** – No kan alle ta bussen til Hundvinsfeltet.
- e. **Dugnad for vennskap** – vi skal oppfordra alle til å ha sosiale arrangement for klassen før haustferien og eit på vinter/våren. Dette skal FAU sei på foreldremøtet.
- f. **Økonomistatus** – vi jobbar med saken om eigen konto.

Skodvin 18.5.2016

Skrivar Kristine Lunde